

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 051/2014 | Formannskapet i Radøy | PS | 04.09.2014 |

| | | |
|------------------------|--------------|--------------|
| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
| Bente Kopperdal Hervik | 14/1936 | 14/8798 |

Høyringsuttale PREMISS: KULTUR Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Hordland fylkeskommune har lagt forslag til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 ut på høyring med høyringsfrist 26. september 2014.

Planen, som har fått namn «Premiss: kultur», er forslag til Hordaland fylke sin samla politikk for kultur for perioden 2014-2025. Planen omhandlar heile spekteret i kulturlivet; museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen erstattar såleis fem tidlegare planar.

Kulturplanen har status som regional plan etter plan- og bygningslova. Dette inneber at den skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i perioden. Planen omfattar såleis heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemder som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen skal vera eit samordnande styringsdokument for alle dei tre forvaltningsnivåa.

Hordaland fylkeskommune ber høyringspartane vera særleg merksame på:

- Visjon og målsetjingar
- Prioriteringar og tiltak i handlingsprogrammet
- Kva innsatssområde og tiltak som bør prioriterast dei fire første åra
- Planen som verkty for samhandling mellom forvaltningsnivåa
- Fagleg eller geografisk konsolidering av institusjonar, t.d. museumseiningar
- Fylkeskommunal driftsstøtte for lag og organisasjoner
- Korleis det regionale kulturomgrepet vert oppfatta, og kva som er forventingar til dette

Vurdering

Framlegget til ny regional kulturplan er eit gjennomarbeidd og omfattande dokument som legg til

rette for utvikling og fornying av kultursektoren i Hordaland. Planen er ambisiøs og femnar vidt, og både gjev status for kulturfeltet i dag og stakar ut retning, satsingsområde og tiltak framover. Planen femner om fleire felt innan kultursektoren, og erstattar det som tidlegare var fem ulike planar. Dette er eit grep som truleg vil gje ei betre samordning, meir forenkling og føreseielegeheit for kulturlivet i fylket.

Planen listar opp seks hovudmålsetjingar som byggjer opp under visjonen for planen. Me merkar oss målsetjinga om at Hordaland skal ha eit rikt, og mangfaldig kulturliv med tilgang for alle. Me reknar med at det i dette ligg implisitt at ein skal ta heile Hordaland i bruk og gje kvalitativt gode kulturopplevingar til folk i alle delar av fylket. Det er bra at dei kulturpolitiske måla bygger opp under demokrati, ytringsfridom og tilgang for alle, og at barn og unge skal ha ei spesiell merksemd innan alle målområda.

Planen har fleire hovudtema. Desse er endring i bustad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling, kulturminnevern og museum, arkiv, kulturformidling og kunstproduksjon, bibliotek, og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Desse temaa går att i utgreiinga av kulturpolitiske utfordringar, prioritering av innsatsområde og i handlingsdelen. Dette er i ei ryddig oppbygging av planen, men det ser ut til at nokre innsatsområde er ikkje følgd opp i handlingsprogrammet. Ein del av tiltaka i handlingsprogrammet kunne vore meir konkretiserte og meir forpliktande formulerte, og økonomi kunne med fordel vore knytt opp til tiltaka i handlingsprogrammet. Me merkar oss særleg at kommunane er sett opp som partnarar i mange av tiltaka, utan at økonomi er drøfta.

Endring i bustad og infrastruktur

Innbyggjartalet i Hordaland fylke vil auka monaleg i tida framover. Nordhordland, som ligg tett opp til Bergen, er ein region som må ta i mot ein god del av dei nye innbyggjarane. Det er difor viktig at regionen står rusta til denne folketalsauken også innanfor kulturfeltet, og ikkje minst med tanke på tilbod for born og unge. Eit regionalt kulturhus for Nordhordland vil vera positivt og samlande for regionen og gje oss ein arena for kulturformidling som me ikkje har i dag.

Formidling og deltaking

Innan formidling og deltaking peikar planen på utfordringar innan inkludering og deltaking for alle innbyggjarane i fylket. Dette er ei utfordring me kjener att, då mange av dei som er brukarar av kulturtilbod er svært aktive, medan andre står heilt utanfor. Ambisjonen om å auka innsatsen innan formidling og publikumsutvikling er difor eit tiltak me støttar. Utvikling av den digitale allmenningen kan også vera ein måte å nå ut til nye brukarar med kunst- og kulturutrykk. Innan tiltak 4C og 4D må fylkeskommunen ta eit særleg ansvar slik at ein sikrar tilbod til folk i heile Hordaland. Utvikling av digitale løysingar kan også vera eit tiltak under ein nynorsk kulturstrategi.

Verdiskaping

Den frivillige innsatsen innan kulturlivet kan ikkje undervurderast. Dei fleste frivillige er medlemer i ein lag eller ein organisasjon, men i tillegg er det mange frivillige som gjer ein innsats som privatpersonar, eller eit arbeid koordinert gjennom frivilligsentralar. Under innsatsområde er det nemnd at det kan vera eit potensiale i å nytta mellom anna frivilligsentralar meir aktivt frå offentleg hald, som ein stimulans for auka kulturaktivitet og engasjement. Me kan likevel ikkje sjå at frivilligsentralar er nemnde i handlingsprogrammet.

I Radøy er det fleire aktørar som driv med kulturbasert næring. Mellom anna er ein i gang med å få starta opp Fosenstraumen steinaldersenter. Dette er eit tiltak som Radøy kommune stiller seg bak. Det er ei utfordring å gje gode rammevilkår for dei som ønskjer å vidareutvikle desse tilboda. Kulturnæring har eit langt breiare spekter enn berre næring, dette ber og i seg element av å skapa

stadsidentitet og styrka banda til kommunen.

Samordning og samhandling

Samordning og samhandling mellom dei ulike forvaltningsnivåa er viktig med tanke på mogelege støtteordningar innanfor kulturfeltet. Ved deltaking i ulike prosjekt som fylket set i gang er det naudsynt at «inngangsbilletten» til deltaking ikkje er for høg og at tiltaka som vert set i verk har ikkje berre folketal, men geografisk plassering med i kriteria.

Det finst ei rekke ulike støtteordningar innan kulturfeltet, og det kan vera ei utfordring å halda oversikt over dei viktigaste av desse. Det er difor positivt om ein får til ei samordning av fleire av desse på statleg, fylkeskommunalt og regionalt nivå. Planen slår fast at regional interesse skal vera avgjerande for å få fylkeskommunalt tilskot. Her er det viktig at geografiske avstandar ikkje vert brukt som argument mot at det har regional interesse og dermed kan få tilskot, om tiltaket elles oppfyller krava.

Kulturminnevern og museum

Den regionale kulturplanen gjev kulturminnevern og museum ein fyldig omtale under kulturpolitiske utfordringar. Dette ser me at det er gode grunnar til, då det er ei utfordring å driva god kulturminneforvaltning i kommunane. Kommunane har særleg ansvar gjennom rolla si som lokal styresmakt med heimel i plan- og bygningslova. Som ein av få kommunar har også Radøy kommune eit eige kulturminnefond, der me årleg deler ut avkastninga til tiltak for å ta vare på viktige kulturminne i kommunen. Likevel er det ei utfordring å sikra at dei viktigaste kulturminna vert tatt godt nok vare på. At Hordaland fylke no har sett i gang eit prosjekt for kulturminneplanar i Hordaland er vonaleg eit tiltak som kan setja kulturminne meir på dagsordenen. Tiltak 15E om lokale kulturminneregistreringar og tiltak 21A om kulturminnedatabaser og tilstandsregistrering av freda kulturminne er også positivt i så måte og bør prioriterast.

Bygningsvernkonsulentane gjer ein svært viktig jobb, både ovanfor private eigarar av kulturminne og bidrar med rettleiing og kompetanse til kommunane. Me er difor glade for at planen legg opp til at ordninga skal styrkast, men skulle gjerne sett at tiltaket var formulert meir konkret enn dette, og gjerne at fylkeskommunen tok på seg å fullfinanisera stillingane til bygningsvernkonsulentane.

Ei anna utfordring innan kulturminnevernet i Nordhordland, er mangelen på magasin for gjenstandar. Vestnorsk utvandringssenter på Sletta på Radøy har no inne ein søknad til Norsk kulturråd om støtte til reising av eit museumsbygg med magasin. Dette er eit bygg som vil spela ei viktig regional rolle, og gje Nordhordland sårt tiltrengt magasinkapasitet. Me ser at det som gjeld magasinløysingar er nemnd også i handlingsdelen under punkt 16B, men ynskjer at magasin for Nordhordland vert nemnd eksplisitt som eit prioritert satsingsområde dei første fire åra.

Arkiv

Arkiv i god stand er avgjerande for å dokumentera rettar til grupper og einskildindivid, men arkiva har også ei viktig rolle som vårt kollektive minne. Saksessen med Digitalarkivet viser at det er eit enormt potensiale for bruk av arkiva, berre ein gjer dei kjend og tilgjengelege. Potensialet for kommunale arkiv er enormt i så måte. Digitalisering av t.d. formannskapsprotokollar, skuleprotokollar og lister over fattige på 1800-talet ville nok auka interessa for kommunale arkiv monaleg. Tiltak 24C peikar på noko av dette, men nemner ikkje digitalisering spesielt.

Fotobevaring er eit felt me veit er forsømt i mange kommunar, og også i Radøy. Me har i samband med bygdeboka skanna fleire tusen biletar, men manglar gode nok system for å halda orden på alle desse. I tillegg vert det kvart år tatt mange hundre biletar i samband med sakshandsaming, dokumentasjon og formidling. Desse biletene manglar me også eit godt system for å lagra og finna

attende til. Å heva kompetansen og finna gode løysingar for fotobevaring også i kommunane kunne vore nemnd i handlingsprogrammet utover det som står i punkt 16B og innsatsområde 25.

Kunstproduksjon og kulturformidling

Det er viktig at born og unge møter kunst- og kulturuttrykk så tidleg som mogeleg. I dag skjer dette først og framst gjennom den kulturelle skulesekken og dei kommunale kulturskulane. Det er viktig å skapa rom for at dei kommunale kulturskulane i størst mogeleg grad kan gje tilbod om individuell utvikling og opplæring innafor dei kunstområda elevane ønskjer. For å bli deltar og medverkar må ein arbeida for å gje eit likeverdig tilbod til alle.

Bergen er viktig for folk i Nordhordland som søker kunst- og kulturopplevingar på høgt nivå. Terskelen for å delta vil likevel ofte vera lågare om ein har eit tilbod i eigen region eller kommune. Me vil difor understreka at det er viktig å leggja til rette for kunst- og kulturopplevingar på høgt nivå også i distrikta.

I Nordhordland er det ingen av dei vidaregåande skulane som tilbyr studieretning musikk, dans og drama. Elevar som ønskjer å gå den vegen må flytta ut av regionen. Eit slikt tilbod vil og vera ei styrking av tilboden som kulturskulane gjev. Nordhordland er og den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, og dette er eit sakn.

Manger folkehøgskule er ein viktig arena for opplæring i og formidling av kultur. Folkehøgskulen har mellom anna spelt ei avgjerande rolle for utviklinga av brass band-rørsla i heile landet, og set både Radøy, Nordhordland og heile Noreg på kartet. Brass band er eit område der Hordaland verkeleg er ein leiande region i Europa, og ei styrking av folkehøgskulen vil også vera ei styrking av heile brass band-rørsla og dermed Hordaland som europeisk kulturregion. Dei siste åra har folkehøgskulen starta opp liner også for lydproduksjon og vokal, og utvikla stor kompetanse på området. Me kan ikkje sjå at folkehøgskulen er nemnd i planen, og etterlyser tankar og tiltak om folkehøgskulen si rolle innan kulturfeltet i fylket.

Bibliotek

Biblioteka har gjennom ny biblioteklov fått i oppdrag å vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Planen har store ambisjonar på vegne av biblioteksektoren. Det skal mellom anna vera moderne, attraktive bibliotek både i kommunesenter, lokalsenter og nærsenter, born og unge skal ha tilgang på gode skulebibliotek, biblioteka skal vera arenaer for debatt og kulturopplevingar, gje tilgang til relevante digitale ressursar, utvikla nye tilbod i dialog med brukarane, fremja lesedugleik og driva formidling. Alle tiltaka er gode tiltak, men summen av tiltak gjer at me er tvilsame til realismen i dette. Satsinga innanfor biblioteksektoren kunne difor med fordel vore meir spissa.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet er viktig for folk si fysiske og mentale helse, for trivsel og leik. Det er difor viktig å legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet anten det er gjennom idrettslag, uorganisert aktivitet eller friluftsliv.

Haldningar og aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Det er difor avgjerande å få born og unge aktive frå ung alder, og her kan skulane ha ei nøkkelrolle. Om ein får til eit opplegg kring modellen «Aktiv skule i Hordaland» for 60 minutt dagleg fysisk aktivitet i skule/SFO-tida, vil dette vera svært positivt.

Den forma for aktivitet flest deltar i, er friluftsaktivitetar. Kort avstand til turløyper og friluftsområde

med god skilting kan bidra til at dei vert endå meir brukt. Dette er eit område som bør prioriterast. Tiltaket om å leggja til rette for minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune er positivt og kan gjera det lettare for fleire å ta i bruk naturen.

Kommunane og fylket må legge vekt på å støtte det frivillige arbeidet i laga, men og støtta opp om uorganiserte aktivitetar. Opne anlegg som fotballbinger, strandvolleyballbaner, freesbeebaner m.m. er viktig at det vert lagt til rette for gjennom tilskotsordningar. Når det gjeld slike anlegg bør ein sikra ei viss geografisk fordeling, og slik sikra gode nærmiljøanlegg for fleire.

Det er i dag eit stort etterslep på finansiering av slike anlegg, men opptil 5 års ventetid på å få utbetalt spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune. Det er viktig at fylkeskommunen arbeider for å redusere ventetida.

Konklusjon

Regional kulturplan for Hordaland er ein stor og ambisiøs plan som femner over mange felt som er viktige for god livskvalitet for innbyggjarane våre. Radøy kommune vil vera ein god kommune å bu og fleire av tiltaka og innsatsområda som er omtala i planen vil vera med på å byggja opp under dette målet.

Formannskapet i Radøy - 051/2014

FS - handsaming:

Kulturkonsulent Bente K. Hervik svara på spørsmål om framlegg til regional kulturplan. Planen legg opp til eit betre samarbeid både mellom ulike fagområde og ulike forvaltningsnivå. Planen har fleire hovudtema. Desse er "endring i bustad og infrastruktur", "formidling og deltaking", "verdiskaping", "samordning og samhandling", "kulturminnevern og museum", "arkiv", "kulturformidling og kunstproduksjon", "bibliotek", og "fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv". Desse tema går att i utgreiinga av kulturpolitiske utfordringar, prioritering av innsatsområde og i handlingsdelen.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Radøy kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

Vedlegg:

Handlingsprogram

Høyringsbrev

Regional kulturplan